


# Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden

## Kva betyr påska for deg?



*Sjå meir på side 7*



### I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Sokneprest Svann Martinsen avsluttar tenesta i Øygarden Side 2

Me treng teamet!  
Vert du med på eit spleiselag? Side 6

Svekk økonomi Side 10

Likklede i Torino Side 12

Med arbeidsadresse Jerusalem Side 16





## Soknepresten i Øygarden går av

Med vemod vil eg med dette melde at eg kjem til å forlate Tenesta som Sokneprest i Øygarden mandag 1.juli 2013 etter 11 år i rik «landsbyprestteneste» i kyrkjelydane i Blomvåg og Hjelme. Samstundes forlét eg kyrkjelydspresttenesta i Den norske kyrkja etter 40 år, av desse 35 samanhengande år som prest i Luftforsvaret/Tveit(Kristiansand), Johanneskyrkja, Bud, Fjell og Øygarden sidan ordinasjonen i Fana kyrkje 30.august 1978. Oppbrotet kjem samstundes som eg fyller 62 år 4.mai 2013. Eg går difor av med AFP. Tida i Øygarden er tvillaust den beste tida eg har hatt i mitt presteliv.

### Den 6. Soknepresten i Øygarden

Eg er den 6.soknepresten til Øygarden Prestegjeld sidan krinsane av Herdla Prestegjeld vest om Hjeltefjorden vart skilt ut i 1966-67, med oppstart for den 1.soknepresten Arnulf Kvarstein 1968.

Det var 14.mai 2002 eg vart kalla av Biskopen til å verta konstituert sokneprest i Øygarden etter Svein Morland, og 11.november året etter vart eg tilsett som Sokneprest i Øygarden Prestegjeld av Bjørgvin Bispedømeråd etter 5 nr.1 innstillingar av 5 moglege. Dette var ei stor glede, og familien kjende stor tryggleik over at dette var Herrens kall til meg og oss! Eg vart innsett i tenesta i Hjelme kyrkje 30.november 2003. Eg fekk sumaren 2003 dette ordet til tenesta i Øygarden frå ein engelsk kollega i vedkjenningsrørsla "Forward in Faith": *"Eg takkar han som gjorde meg sterk, Kristus Jesus, vår Herre, fordi han syntte meg tillit og sette meg til tenesta."* 1.Tim.1,12

### Dei siste månadene: Timeplan

På grunn av avviking av frisdøndag og vinterferie vil kyrkjelyda'ne verta informert veke 11/12 på Gudstenestene i Blomvåg søndag 10.mars og Hjelme(kortversjon) søndag 17.mars. På grunn av uttak av 6 veker med sumarferie held eg desse Avskilsgudstenester:

5.mai Hjelme kyrkje(Konfirmasjon)

kl.1100.

9.mai Vik bedehus kl.1100.

12.mai Blomvåg kyrkje kl.1100.

Deltaking av Prosten i Vesthordland og «Pro Ecclesia».

Hjarteleg velkomne alle til desse gudstenestene etter som det høver!

Frå mandag 13.mai overtek Prosten i Vesthordland det praktiske, og frå mandag 1.juli óg det formelle ansvaret for kyrkjelydane i Blomvåg og Hjelme.

### Framtidsplanar

Etter tenesta i Øygarden er over, ønskjer eg som sokneprest em(eritus) «eit sabbatsår» med kvile, bøn og refleksjon, og så vonar eg å vere klår for nye utfordringar. Eg vil då halde fram som prest, og samstundes drive føretaket mitt Northern Star Media, som driv Radio Northern Star/Nordstjernen, Northern Lights/The Voice of the Free Gospel og «Radiopresten»: [www.northernstar.no](http://www.northernstar.no) Ein vil óg kunne følgje meg på mine personlege nettsider som er under arbeid: [www.stellamaris.no](http://www.stellamaris.no). Samt på Facebook og LinkedIn!

Til sist vil eg takke alle for godt og kjekt samarbeid og for veldig fine år i tenesta i Øygarden! Torhild og eg har vorte glade i dykk, og vonar å halde kontakten, både med dei medarbeidarane som vi har hatt «tettast», men eg seier dette óg til alle medarbeidarar i kyrkjelege råd, kyrkjestab, kyrkjelydane i Blomvåg og Hjelme, dei frie forsamlingane og dei frivillige kristne organisasjonane som verkar i Øygarden.

Med venleg helsing i Jesus Kristus, vår Store Frelsar og Herre

Dykkar Tenar og Ven,  
Svenn Martinsen/  
Sokneprest i Øygarden

Merk justering av epost:  
[svennm@online.no](mailto:svennm@online.no)(privat)  
[1000@northernstar.no](mailto:1000@northernstar.no) (føretak)  
Kontakt Mobil/SMS held fram på:  
+47 950 67890



## Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden  
Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik  
I redaksjonen: Odd N. Thormodsæter,  
Hogne Berland og Anders Vik  
Kontingent: Min. kr 125,- innan kommunen  
Min. kr 175,- utanom kommunen  
Takkeannonsar: kr 100,-  
Kontonr. 3628.07.02557  
Trykk: Bodoni  
Distribusjon i Øyg. Sanden budservice,  
tlf 45 61 34 16

### Kyrjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje  
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong  
Telefon: 5638 2240  
Faks: 5638 2241  
Vakttelefon prest: 5638 2244  
E-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)  
Heimesider: [www.kyrkja.net](http://www.kyrkja.net)  
Ekspedisjonstid: måndag – fredag: 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong  
E-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)

### Barne- og ungdomskonsulent:

Hogne Berland  
E-post: [pedagog@kyrkja.net](mailto:pedagog@kyrkja.net)  
Telefon: 9868 3424

### Kantor:

Anne Lise Grøm  
E-post: [kantor@kyrkja.net](mailto:kantor@kyrkja.net)  
Tlf. 5638 2245/9188 1208

### Sokneprest:

Svenn Martinsen  
E-post: [sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)  
Tlf. 5638 2244/9506 7890

### Diakonimedarbeidar:

Bjørg Blom  
E-post: [diakon@kyrkja.net](mailto:diakon@kyrkja.net)  
Tlf. 4781 6181

### Kyrkjeverje:

Olav Martin Vik  
E-post: [kyrkjeverje@kyrkja.net](mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net)  
Tlf. 5638 2243/9326 4400

### Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197

### Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Janesh Amenya 958 23 472

Blomvåg kyrkje: 5638 7022

Hjelme kyrkje: 5638 8030

### Råda:

Øygarden sokneråd og

Øygarden kyrkjelege fellelråd:

Leiar: Erling Vik

Beredskapsordning for Vesthordland prosti  
Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.





## Send bud på ham

*Send bud på ham hvis navn er Jesus Krist,  
som frelse kan og lege sjelens brist!  
Han som av Gud ble sendt til jorden ned,  
send bud på ham, o sjel, og du får fred!*

*Send bud på Ham når hjelp du trenger til,  
I mørkest stund han lyse for deg vil!  
Når ingen utvei du kan øyne mer,  
Send bud på ham som også da er nær!*

*Send bud på ham når tvilende du er,  
En stund med ham, og du ei tviler mer!  
Når ned i tåredalen du må gå,  
Send bud på ham, og hjelpen vil du få!*

Sangboken nr. 464, 6 vers

Då eg fekk den æra å finna ein song til denne utgåva av Øynytt var den ein song som ramla inn i hovudet mitt med ein gong. Etterpå lurte eg litt på om dette eigentleg var den songen som var min, retteleg min. Til slutt fann eg ut at den var det. Dette er ein song som har lege i hovudet mitt i mange, mange år. Eg lærde den utanboks då eg var ei lita jente. Mamma sat og sydde klede, og eg sat tvers overfor henne men songboka i handa. «Denne songen må du læra deg, Kjersti,» sa ho, «Denne songen kan verta god å ha seinare i livet». Eg pugga

og pugga, - alle versa. Me syng den mest aldri når me møtes, men den står der likevel – på mest ei heil side. Mamma fekk rett. Eg har spurt henne om ho hugsar den situasjonen, men det gjer ho ikkje. Eg har mange gonger teke den fram. «Send bud på ham når.....» eit gammaldags uttrykk, men me forstår det. Gjennom åra har det vore mange bakkar, dalar og krokete stiar, kva har eg kunna gjort??? Eg har kunna sendt bod på HAN. Han som var der,- sjølv då eg ikkje såg han .Eg har kunna lata tårene trilla – både utvendig og inn-

vendig – og visst at Jesus tørka dei bort med ei varsam og kjæleg hand. Sjølv då eg ikkje såg han i det heile fekk eg liggja i handa hans, omslutta av den Allmechtige Gud! Der har og vore flate sletter, blømande enger ,fjelltoppar med blendande utsikt.. Kva har eg kunna gjera då??? Eg har kunna sendt bod på han !. Eg har kunne lata tårene trilla i glede og fryd over det eg såg og kjende. Vissa om at HAN var der og!

Og så veit eg at; til sist – ein dag vil han ta meg heim til seg! Eg skal få møta min Gud, Jesus og alle som ventar på meg der.

Det å kunna senda bod på Jesus i ALLE situasjonar, store og små - ... eg kjenner det rett og slett som eit privilegium. Utruleg å vera eit lite menneske med ein så stor Gud !

## TILBOD TIL LITEN OG STOR I ØYGARDEN

### Øygardskoret

Syng alt frå kyrkjemusikk til viser. Øver kvar tysdag i Hjelme kyrkje kl. 19.30–21.30.  
Kontaktperson: Anne Lise Grøm (918 81 208)

### Barnekantoret

2.–4. klasse øver kvar fredag på Alvheim skule frå 14–15.  
5.–7. klasse øver kvar tysdag i Hjelme kyrkje frå 13.15–14.  
Kontaktperson: Anne Lise Grøm (918 81 208)

### Gospel Teens

Gospelkor for deg mellom 10 og 18 år. Øver annankvar tysdag i Blomvåg kyrkje frå 17.30–19.30.  
Kontaktperson: Olaug Rong (971 94 484)

### Ichtyss

Ungdomsklubb på Vik bedehus for ungdom frå 8 klasse. Andakt, lovsong, kafé og underholdning. Annankvar lørdag i partalsveker frå kl. 20.30–23.00.  
Kontaktperson: Ingrid Blom (959 19 506)

### Plussklubben

Klubb for 5.–8. klasse for heile Øygarden. Samlast ein onsdag i månaden på Oen bedehus frå kl. 19.00–21.00. Lappar vert levert ut på skulane.  
Kontaktperson: Linn Andersen (992 43 379)

### KRIK

Idrett og andakt. Toftøy skule kvar fredag frå kl. 19.00–21.00. Kontaktperson: Martin Jonas Hellesund Nakken (92646561)

### KRIK 18+ (Nytt tilbud!)

Idrett og andakt for deg over 18! På Toftøy skule annankvar tirsdag frå kl. 20.30 og utover.  
Kontaktperson: Therese Dale (464 50 862)

### Eldretreff på Tednebakkane

Ein torsdag i månaden i kantina på Tednebakkane frå kl. 16.30. Kontaktperson: Bjørg Blom (478 16 181)

### Eldretreff i Hjelme kyrkje

Ein onsdag i månaden i kyrkja frå kl. 16.45.  
Kontaktperson: Bjarne Skjold (481 44 284)

# ØYGARDEN SOKNERÅD SI ÅRSMELDING FOR 2012

## Soknerådet sine medlemmer

Erling Vik, leiar  
Råmund Skjold, nestleiar  
Bjørge Fjeldstad  
Astrid Nautnes Rustad  
Øyvind Solsvik  
Jakob Blom  
Svenn Martinsen

## Om soknerådet sitt oppdrag

”Soknerådet skal ha si merksemd mot alt som kan gjerast for og vekkja og næra det kristelege arbeidet i soknet, særleg at Guds ord vert rikeleg forkynt” Eit utdrag frå Kyrkjelova § 9. Dette er også soknerådet i Øygarden sitt mål: at Guds ord vert rikeleg forkynt.

Soknerådet har hatt 6 møte i 2012 og handsama 31 saker. Sakene har i hovudsak omhandla arbeidet i soknet og økonomiske forhold. I tillegg har det vore samlingar for å utarbeida ny gudstenesteordning for Øygarden. Arbeidet med ny lokal grunnordning for gudstene-  
sta har til dels vore omfattande.

## Om arbeidet i soknet

Arbeidet har gått på det jamne og etter planar for dei ulike områda. Det er egne årsrapportar/årsmeldingar for barne- og ungdomsarbeidet, diakoniarbeidet og frå kontor, arbeid som er under soknerådet sitt ansvarsområde.

Det er utarbeida statistikkar som fortel om frammøte og deltaking på dei ulike aktivitetane. Det er viktig å presisera at kyrkja sine tilsette og deltek på aktivitetar som ikkje vert statistikkført. Samla sett vert det gjort mykje godt arbeid for alle aldersgrupper i soknet, ikkje minst av frivillige medarbeidarar.

## ÅRSMØTE

for kyrkjelydane i Hjelme og Blomvåg vert onsdag 24. april kl. 19.30 i Blomvåg kyrkje.

Årsmelding, rekneskap, årsrapportar for 2012 vert presentert og gjennomgått. Samtale om arbeidet. Dette er ein viktig møteplass for samtale om kyrkja sitt arbeid i Øygarden.

Vel møtt til årsmøte.  
Erling Vik, rådsleiar

Barne- og ungdomskonsulentene og teamet er avgjerande for at ein kan driva eit godt konfirmantarbeid og arbeid mellom born og unge generelt.

Teamet er ein viktig ressurs for kyrkja og for aktivitetar som ein samarbeidar med andre om i kommunen

Diakoniarbeidet vert utvikla så langt det er mogeleg innanfor avgrensa økonomiske rammes. Eldretreffa er ein viktig møteplass og det same gjeld samlingane på Tednebakane som presten har ansvar for.

## Litt meir om arbeidet

Når det gjeld frammøte på gudstene-  
stene så ligg det på det vesentleg høgare i 2012 enn 2011. Nærare 1000 fleire var innom gudstene-  
stene i 2012. Det er særleg Blomvåg som har auke. Auken er relatert til familiegudstener der tema som Sprell levande står sentralt. Talet på døypte ligg stabilt sett i høve til tidlegare år.

Leirane på Skjergardsheimen er godt besøkte. Rundt 200 born og ungdomar deltok i løpet av 2012. Guttebibelgruppene som vart starta i 2011 er stabile og er vidareført i 2012, laga rundt i kommunen vert besøkt og det vert delt ut materiell til born og familiar med små born som ein del av trusopplæringsarbeidet. Det vart gjennomført dåpsskule i februar og mars. 13 born deltok. Konfirmantarbeidet er omfattande. 54 av 58 9. klassingar deltek på konfirmantopplegget.

Elles er medarbeidarane våre med på KRIK, Ichtys, Skulelaget og Pluss-Klubben på Oen bedehus. Det er eit godt samarbeid mellom kyrkja, skulane og barnehagane.

Vår kontor driv barnekor som ein må sjå som ein del av trusopplæringa. Det same gjeld Gospelteens som Olaug Rong og Kate Solsvik har ansvaret for. Kontor har også ansvaret for Øygardskoret.

Diakoniarbeidet er i positiv utvikling, men stillingsprosenten skulle vore auka. Det let seg ikkje gjera utan større



løyvingar frå kommunen. Bjørge Blom, vår diakonimedarbeidar er fast med på eldretreffa. Ho er også med i prostiet sitt diakoniutval. Det vert gitt tilbod om samlivskurs, sorggrupper og temakvel-  
dar med aktuelt innhald.

## Ny lokal grunnordning for gudstene- sta

Under temaet ”Saman for Guds and-  
let” utarbeida soknerådet i 2012 ny lokal grunnordning for gudstene-  
sta i samsvar med sentrale retningsliner frå Kyrkerådet. Det vart halde eige soknemøte om den nye ordninga. Det er biskopen i Bjørgvin som endeleg godkjenner ordninga. Godkjenning ligg enno ikkje føre.

## Sluttord

Alt kan ikkje nemnast i denne årsmeldinga. Soknerådet viser til årsmeldingane/rapportane som omhandlar dei enkelte tenestene. Der er det fleire detaljar. Oppsummert må me kunna seia at det vert drive eit omfattande arbeid innanfor dei ressursane som kyrkja i Øygarden har tilgjengeleg. Dei økonomiske rammene til fellesrådet vert trongare og det vil gå utover tilbodet.

Me ynskjer å retta ei særskilt takk til dykk alle som ligg ned eit omfattande dugnadsarbeid og stiller opp til ulike oppgåver og i ulike samanhenger kvar veke. Di teneste er viktig og me har plass til fleire frivillige, så berre meld deg til teneste.

*Lat oss også minnast Jesus sine egne ord i Joh. 14, 6.*

*Jesus seier; ”Eg er veggen sanninga og livet Ingen kjem til Far utan gjennom meg.”*

Erling Vik, leiar

Dersom du har vore innom gudstenestene i det siste har du sikkert lagt merke til at det har skjedd endringar. Det vart bestemt sentralt at gudstenesta skulle fornyast og at ein lokalt skulle bestemma meir over innhald og variasjon i gudstenestene.

Soknerådet har arbeida med dette i 2012 og det ligg no føre såkalla lokal grunnordning for gudstenesta.

For Øygarden er ikkje endringane så store sett i forhold til det ein har hatt, men noko er merkbart:

1. No vert det gitt informasjon i starten av gudstenesta, so vert det stille og det kjem 3 klokkeslag, før ein går vidare i gudstenesta.
2. Den gamle klokkearbøna som alltid vart lest før er no atende som samlingsbøn.
3. Kyrkjelyden set under dei to første tekstlesingane. Før stod ein.
4. Mot slutten av gudstenesta kjem utsendingsorda framsagt av presten, så avslutningssalmen og her står kyrkjelyden. Så kjem klokking og postludium og eventuelt utgangsprosesjon.

Det er og komen ein del nye melodiar til liturgiske ledd.

Ønsket frå sentralt hald er å fornya gudstenesta og gi den lokale eigenart samtidig som ein prøver å få fleire til å delta som medhjelparar i gudstenesta m.a. som tekstlesarar.

Har du lyst å delta som frivillig medarbeidar er du hjarteleg velkomen til å ta kontakt med oss om det. Ring Kari på kyrkjekontoret, tlf. 56382240.



Alt arbeid og resultat kan ikkje målast i tal. Spesielt i kristeleg arbeid er det vanskeleg. Like fullt er det slik at kyrkja har statistikkar for mykje av arbeidet og her kjem tala for 2012 når det gjeld deltaking.

### 16 000 møte mellom kyrkja og personar i Øygarden

Eit forsiktig overslag viser at kyrkja sine tilsette og frivillige medarbeidarar i 2012 møtte menneske i overkant av 16 000 gonger i eller anna organisert form. Det er gudstenester, gravferder, bryllaup, kor, barnelag, skulelag, KRIK m.m. I tillegg kjem dåpssamtalar, førebuing til vigsel og pårørandesamtalar.

### 8000 innom gudstenestene - 1000 fleire enn året før

i 2012 var 8000 menneske innom gudstenestene våre. Det er 1000 fleire enn året før.

### 200 born og unge var på leir på Skjergardsheimen

Leirane er populære og vert fort fylt opp etter at programma er sendt ut. I 2012 var det i overkant 200 born og unge på leir på Skjergardsheimen.

### Litt meir statistikk

Aktivitet	2011	2012
Døypte	51	47
Konfirmantar	51	50
Gravlagde	32	56
Vigde	20	10
Innmelde	2	1
Utmelde	4	4
Nattverdsgjester	1507	1798
Kyrkjeoffer (i 1000)	203.874	199.162
- herav til eige arbeid	44.076	45.384
Bibel til 5. klassingane	56	53
Utdeling 4-årsbok	33	35

### Aktivitetar og tilbod - eit utdrag frå statistikken frå 2012

- Eigne aktivitetar og i samarbeid med andre.

Aktivitet	Når	Tal delt.
KRIK for 8 klasse og oppover	Kvar fredag	20-40
KRIK 18+	Annankvar tysdag	10-15
Barnekantoriet, kor born 2.-7. klasse. Fordelt på to grupper	Fredag og tysdag	32
Pluss-klubben, 5.-8. klasse	Ein onsdag i mnd	30-60
Skulelaget, 8.-10. klasse	Kvar torsdag	20-60
Ungdomsklubben Ichtys, 8 klasse +	Annankvar laurdag	15-40
Ahava kristelege ungdomsklubb, 5.-10. klasse	Ein fredag i mnd	10-30
Øyardskoret, vaksenkor	Kvar tysdag	12
Gospelteens, kor for born og unge	Annankvar tysdag	29-50
Flest i aldersgruppa 10-13 år.		

I tillegg kjem konfirmantundervisning, besøk til lag og organisasjonar i Øygarden, søndagsskular og andre tiltak der kyrkja sine medarbeidarar er ein ressurs.





Ungdomsteamet har i mange år vore sentrale i barne- og ungdomsarbeidet i regi av kyrkja og i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar i Øygarden. Alle har nok teke det for gitt at dette var eit arbeid som kunne drivast i mange år. Slik er det ikkje. Løns- og prisvekst har ete opp ramma i kyrkja sitt budsjett og då må ein redusere på omfang av aktivitetar, så enkelt er det.

Kyrkja si økonomiske ramme gjer at ungdomsteamet i utgangspunktet ikkje kan vidareførast frå hausten 2013.

Soknerådet har ein del midlar som dei no vil bruka for å få til eit team frå hausten. Deira midlar kan kombinerast med ei gåve frå deg og på den måten kan me få til eit opplegg som gjer at me likevel kan ha eit team for 2013/2014.

Det er lite heldig å få eit avbrekk i dette viktige arbeidet for så å starta opp att etter eit år.

Det er viktig å handla raskt. Når det nærmar seg våren har dei fleste ungdomane som kan gå inn i slikt arbeid vald skule eller arbeid

#### Vert du med på eit spleiselag?

**Me treng totalt kr. 330.000,00 for 2013/2014 (haust/vår).**

**Me treng minst kr. 105.000,00 i gåver utanom offer i kyrkjene.** Vil du gi ei gåve bruk kontonummeret til Øygarden sokneråd: 3628 55 90870. Merk innbetalinga med "Team". Eit eventuelt overskot vil gå inn i kyrkjelydsarbeidet.

## SAMLING PÅ INRI

**Søndag 17. mars** vert det ei påske-samling med nattverd på INRI – Rong bedehus kl. 16.30  
Tale ved Dag Erik Asdahl.  
Søndagsring og Barnesamling.  
Kaffi, saft og kaker etter samlinga.



Elles vert det samling utover våren søndagar kl. 16:30 desse datoene:

**7. april:** Tale v/ Morten Torsvik

**21. april.**

**5. mai:** Tale og sang v/ Olav Vindenes og Leif Myntevik

**26. mai:** Tale v/ Ivar Fjeld

**9. juni:** Sommarfest med andakt av Jan Rettedal.  
Grillfest etter samlinga.

Barnesamling og Søndagsring + kaffi, saft og kaker på kvar samling. Små og store velkommen!

#### Offera i kyrkjene går til eige arbeid

Som følgje av kyrkja i Øygarden sin økonomiske situasjon, har soknerådet bestemt at alle offer framover skal gå til eige arbeid. I 2012 kom det inn totalt i overkant av kr. 200.000,00. Soknerådet søker å få til eit økonomisk opplegg slik at ein kan vidareføra ordninga med team frå hausten 2013. Det betyr eit samvirke mellom soknerådet og frivillige gåver.

#### Gudstenestene framover

Soknerådet har bestemt at gudstenestene går som normalt framover. Soknerådet vil avventa situasjonen til det ligg føre ei avklaring for fellesrådet sitt budsjett.

#### Utviding av Hjelme gravplass

Hjelme gravplass vert no utvida. Meininga er at arbeidet skal starta opp i vår. I følgje kommunen skal arbeidet vera ferdig ved utgangen av året. Kostnaden vert på 11.0 mill. kr. Det vert ikkje bygd ny parkeringsplass, slik ei tidlegare skisse viste. Ny parkeringsplass vert bygd i neste etappe. Muren inn mot fylkesvegen vart gjort ferdig ved utgangen av februar.

#### Kyrkjeverja tilrår auke i festeavgiftene frå 2014

Festeavgifta er no kr. 100,00 pr. år, etter friperioden på 20 år. Til samanlikning kan nemnast at festeavgifta i Bergen er kr. 490,00 og i Sund kr. 300,00 pr. år. Kyrkjeverja tilrår no at festeavgifta i Øygarden vert auka til kr. 300,00 pr. år. Det er kommunestyret som fastset festeavgifta og det skjer først i budsjettmøtet i desember.

#### Tilskot til Gospelteens sin konsertturné

Soknerådet har tildelt Gospelteens kr. 5000,00 i forbindelse med deira konsertturné i april.

## VIK BEDEHUS 1. HALVÅR 2013

Tirsdag 12. mars kl. 19.30 Bibeltime v/ Karl Johan Halleraker  
Søndag 17. mars kl. 11.00 Storsamling. Tale v/Bjarte Vesetvik

Skjærtorsdag 28. mars kl. 10.00 Påskefrukost for heile familien

Tirsdag 02. april kl. 19.30 Bibeltime v/Stig Magne Heitmann  
Søndag 07. april kl. 11.00 Storsamling. Tale v/Elisabeth Nilsen  
Tirsdag 16. april kl. 19.30 Bibeltime v/Karl Johan Halleraker  
Søndag 21. april kl. 11.00 Storsamling v/Atle Berland  
Tirsdag 30. april kl. 19.30 Bibeltime v/Osvald Hindenes

Søndag 05. mai kl. 11.00 Storsamling.

Torsdag 09. mai kl. 11.00 Gudsteneste v/Svenn Martinsen

Tirsdag 14. mai kl. 19.30 Bibeltime  
Søndag 19. mai kl. 11.00 Storsamling v/Glenn Nord-Varhaug

Tirsdag 04. juni kl. 19.30 Bibeltime  
Søndag 09. juni kl. 11.00 Storsamling. Tale v/Bjørnar Gudmestad  
Tirsdag 18. juni kl. 19.30 Bibeltime v/Harald Rydland  
Søndag 23. juni kl. 11.00 Storsamling/familiesamling.  
Tale v/Nils Arne Lavik

# KVA BETYR PÅSKA FOR DEG?

Kva forhold har menneske i Øygarden til påskefeiringa i dag? Vi har vore litt rundt i Øygarden og spurt folk 3 spørsmål om påske!

Tekst og bilete: Hogne Berland

1. Veit de kvifor vi feirar påske?
2. Kva betyr påska for deg?
3. Kva skal de gjera i påska i år?



**Rebekka og Torgeir Sandøy Johannesen**

1. Ja, det er fordi Jesus døde og stod opp igjen den 3. dagen.
2. Snop, familie og fri. Mor til Rebekka har ei bok ho les i når vi er samla om kva som skjer dei ulike dagane i påsken. Det er koseleg!
3. Skal jobba ein del først i påsken og så slappa av og ha heilt fri.



**Karoline Fortun (12), Silje Mari M. Alden (12), Henrik H. Obedencio (12), Marlene Asdal (12), Andrea Grimeland (12), Kari Sofie Haugetun (12).**

1. - Hmm. Påskeharen.  
- Gud vart korsfesta.  
- Ja, er noko med Jesus.
2. - Vi tenker på påskeegg og snop og på påskeharen.  
- Og så på fargen gul.  
- Gud og Jesus.  
- Ja, gult og Jesus!
3. - Eg skal vera med familien.  
- Og vi skal eta god mat.  
- Eg skal i kyrkja.  
- Vi pleier å vera i kyrkja og be.



**Isabelle Sagstad Christiansen (14) og Lise Marie Dale (14)**

1. Fordi Jesus stod opp igjen den 3. dagen. Vi husker påskehistorien godt!
2. Påskeegg, masse pynt, gule fjør, kyllingar og familiekos.
3. Vi skal trene, vera med familie og kjæraste og leita etter påskeegg!



**Olaug og Bjarne Skjold**

1. Ja, det er på grunn av Jesu forsoningsdød og ikkje minst oppstode. Han vant over synda og døden.
2. Det betyr svært mykje. På grunn av det som skjedde i påsken er eg kjøpt fri!
3. Eg skal vera heima og ordna litt forskjellige ting. Og så tenker vi oss i kyrkja for å høyre den glade budskapet.



**Martin Jonas Nakken (17), Mathias Nordøy (16) og Peter Hellesøy (17) Benjamin Sandøy (16).**

1. - Fordi Jesus kom. Han blei korsfesta og døde på langfredag. Og så er det noko med påskemåltidet. Han stod opp igjen og på 1. påskedag. Ja, og så har vi jo 2. påskedag, men veit ikkje heilt kvifor vi har den.
2. - Tenker først og fremst på ferie.  
- Påsken er ei familietid.  
- Tenker ikkje så mykje i påsken på kvifor vi feirer. Men det Jesus gjorde der har vi på ein måte alltid i bakho-vudet.
3. Mathias: Skal til Lyngøy med kompi-sen min, Jan Henrik.  
Peter: Eg skal stå på ski på fjellet.  
Martin Jonas: Eg skal trene.  
Benjamin: Vera med venar og familie og stå på ski!



**Bente Solbakk og Linda Hellesund**

1. Har noko med at Jesus stod opp den 3. dagen. Og så har det med korset å gjera. Til jul feirar vi at Jesus vart født og til påske at han døde og stod opp.
2. Vi tenker på påskesnop og kyllingar. Og på ferie. Vi syns forresten at borna får for mykje snop!
3. Vi skal nok vera mest heime og slappa av med borna. Blir heimekos denne påsken.



# FLINKE, UNGE LEIARAR PÅ LEIR!

På leirane for dei yngste på Skjergardsheimen er ofte fleire av leiarane frå ungdomsskulen. Kva synes dei sjølv om å vera leiar på leir? Og kva synes dei vaksne leiarane om å ha med seg så unge leiarar? Vi tok oss ein prat med dei!

*Tekst: Hogne Berland Bilete: Camilla Blom*

Eg møter Natalie Turøy, Johannes Austbø og Samuel Dāvøy på konfirmantundervisninga. Dei var alle med som leiarar på 5. klasseleiren i februar. Natalie og Johannes var med for første gong, medan Samuel har vore med ein gong før. "Det var gøy å vera med og ta litt ansvar!" seier Natalie. "Eg sa ja til å vera med fordi eg sjølv ville høyra meir om Jesus og fordi det verka kjekt å vera med borna. Det var veldig gøy, men eg var ganske trøtt då eg kom heim!". "Eg var dausleten", skyt Samuel inn. "Ja, men vi leiarane satt jo oppe litt seint og", forklarar Johannes. "Og så vakna nokon av ungane kl. 6 igjen!".

På leiren var desse unge leiarane engasjert i alt frå underholdning og møteleiing til sporløp og fotball. Alle meiner at det var kjekt å få ansvar åleine for konkrete oppgåver. Når eg spør om det er nokon oppgåver dei trur dei ikkje kan gjera på leir, svarar Samuel raskt: "Eg kan aldri vera på bakegruppa i alle fall!".


Nokon som derimot trivst godt på bakegruppa er Linda Blom. Ho og mannen Martin har vore på utallige leirar opp gjennom åra og var dei eldste leiarane på 5. klasseleiren. Linda er imponert over ungdommane. "Dei har mykje energi og er utruleg flinke å leike med borna. Eg kan godt stå på kjøkkenet og bake eller sette på eit plaster når det trengs, men du får jo ikkje meg ut på ei fotballbane!"

Ho synes også det er bra for ungdommane sin eigen del at dei er med på leir. "Dette er god leiartrening. Det er bra at dei i denne perioden av livet både kan få reisa på ungdomsleir som deltakarar og få vera med som leiarar for dei yngre



borna. Eg håpar at dette gje dei lyst og inspirasjon til å vera aktiv i kristent arbeid seinare også!"

Tilbake på konfirmantundervisninga er det tydeleg at dei unge leiarane nyt heltestatusen dei fekk på leiren. Dei er nemleg litt kulare enn dei vaksne og fekk mange fans. Alle er einig om at helga var ein suksess: "Vi har veldig lyst til å vera med på leir igjen!"





# GLIMT FRÅ BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET



Sprell Levande-gudsteneste i Hjelme kyrkje 17. februar 2013.



Ungdomsskuleleir: Amanda og Ole Martin i Farmen-finalen.



Ungdomsskuleleir: Sunniva og Sonia på piratlaget.



6.-7. klasseleiren i desember.

## Konfirmantlister

### Laurdag 27.04 kl 11. (Blomvåg)

Nora Nilsen Sæthre  
Stian Rong  
Stian Falch Rong  
Helene Rong  
Colin Rong McAllister  
Mari Holmen  
Peter Ivan Sveinsson Skråmestø  
Henrik Johan Skråmestø  
Emma-Louise Solsvik Thorsen  
Rebecca Kinsey Ekerhovd  
Susanne Torsvik Jensen

### Søndag 28.04 kl. 11 (Blomvåg)

Mathias Sebastian Torsvik  
Christoffer Vinje Lihaug  
Lise Marie Dale Toft  
Nicole Katherine Eikanger Arana  
Rune Lillebostad  
Andreas Erstad Fletekvål  
Joakim Blomvågnes Hammer

Ole-Mathias Anglevik  
Kristine Flåten  
Viktoria Aleksandra Hellesøy  
Martin Lyngøy Håvardstun  
Johan Langøen Oen

### Laurdag 04.05 kl. 11 (Blomvåg)

Synnøve Haugstad Tveit  
Marie Skjerlie Stenhjem  
Vanja Beate Marie Paulsen Vik  
Jens Sondre Landro  
Marion Gjerald Trondsen  
Sandra Braun Øversveen  
Natalie Turøy  
Runar Fjeldstad  
Kim Harketstad  
Ida Færestrand Solberg  
Victoria Vatne Larsen  
Elin Sofie Sjøstrøm  
Eirik Breivik  
Christoffer Ekren

Sindre Sæther  
Aleksander Hagen

### Søndag 05.05 kl. 11 (Hjelme)

Tonje Fjeldstad  
Martin Fosse  
Markus Oskar Øyen  
Dennis S.J. Hellesøy  
Mats Einar Hernar  
Sebastian Wolff Harketstad  
Tobias Young Norton Hellesund  
David Nordvik  
Johannes Austbø  
Remi Solberg  
Samuel Dåvøy  
Tobias Haaland Grønsdal  
Isabelle Sagstad Christiansen  
Laura Betina Andersen  
Natalie Hansen



## Inntektene

Du har sikkert høyrte og lese om kyrkja sin økonomi og lurer på kvifor det er slik. Kyrkja i Øygarden har frå midten av 90-talet hatt relativt gode økonomiske kår og kommunen har ytt meir enn andre kommunar.



## Tal for nokre år tilbake og utviklinga fram til no:

År	Rammeoverføring frå kommunen	Eigne inntekter (i 1000 kr)
2006	4,2 mill	50
2009	4,5 mill	86
2011	4,7 mill	132
2012	4,3 mill	208
2013	4,3 mill	Budsjett 105

Når det no ikkje lenger går rundt så er det i grunnen eit enkelt reknestykke. Alt i 2011 såg ein konturane av ei trongare økonomisk ramma som følgje av innsparing i rammeløyinga frå kommunen. Kyrkja har i fleire år redusert i utgiftene, effektivisert i tillegg til organisatoriske endringar slik at inntekter og utgifter har gått i hop. No gjer dei ikkje det lenger og det har konsekvensar. Kyrkja kan ikkje driva meir aktivitet enn det er pengar til. Kyrkja er sjølvstendig, men det er kommunen som finansierer brorparten av drifta ut i frå kyrkelova.

I egne inntekter ligg festeavgifter for graver og betaling for gravlegging i Øygarden for personar busett i ein anna kommune. Det siste varierer frå år til år og er usikre inntekter. I 2012 utgjorde dette 97.000,00, av 208.000,00. I 2013 kan det henda at det ikkje vert denne typen gravlegging.

Kyrkja har ein del andre inntekter, men dei er i hovudsak bunden opp til aktivitetar med utgifter. Tek du vekk aktiviteten forsvinn inntektene. Dette er betaling for leirar, konfirmantaktivitetar, ØyNytt m.m.

Den ordinære løns- og prisveksten frå 2006 og fram til 2013 skulle utgjort ein auke på 1 mill. kroner på overføringa frå kommunen. Forskjellen mellom 2006 og 2013 er ein reell

auke på kr. 100.000,00. Kyrkja må no omtrent driva innanfor dei same rammene som ein hadde for 7 år sidan.

I 2010 og 2011 fekk kyrkja tilført eingongsauke i forbindelse med rehabilitering av Blomvåg og Hjelme kyrkjer. Desse overføringane gjorde at inntekter og utgifter gjekk i hop desse åra.

## Økonomien og framtida

2012 vart eit vanskeleg år, økonomisk. Eit stramt budsjett, auka kostnader i 2012 og feil ved budsjetteringa hausten 2011 medfører eit underskot på kr. 500.000,00. Underskotet vert dekkja av kyrkja.

Samtidig må drifta ned i 2013. Me driv altså inn i 2013 med høgare utgifter enn det er inntekter. Reknestykket er enkelt. Drifta må ned minst med ein halv million kroner. I tillegg kjem løns- og prisveksten for dette året og neste år som vert tilsvarende vanskeleg økonomisk.

## Tiltak

Kyrkja kjem ikkje utanom tiltak for å redusera drifta. Når biskopen ikkje vil redusera talet på gudstenester (og det er forståeleg) må andre tiltak setjast i verk. Kort oppsummert så betyr det reduksjon i talet på medarbeidarar, først ut er Teamet. Det betyr igjen at aktivitetar vert avvikla. Media har hatt fokus på stenging av kyrkjer, men det vert lite fokus på barne- og ungdomsarbeidet som vert råka av reduksjonane. Det er ein dialog mellom kyrkja og kommunen om rammeløyinga. Det er å vona på ei tenleg løysing. Som ei førebels ordning vil soknerådet finansiera delar av kyrkjelydsarbeidet med bruk av offer. Det betyr at alle offer går til eige arbeid.

## Velkommen til Konsert med Gospel Teens Søndag 14. april kl. 19:00 i Blomvåg kyrkje!





## Fellesrådet sine medlemmer:

Erling Vik	Blomvåg sokn, leiar
Råmund Skjold	Hjelme sokn, nestleiar
Bjørge Fjeldstad	Hjelme sokn
Astrid Nautnes Rustad	Hjelme sokn
Øyvind Solsvik	Blomvåg sokn
Jakob Blom	Blomvåg sokn
Trygve J. Hellesøy	Representant for kommunen
Svenn Martinsen	Oppnemnd av biskopen

## Om fellesrådet

Fellesrådet sitt ansvar er relatert til administrative og økonomiske oppåver, mål og planar for den kyrkjelege verksemda og ta hand om interessene til kyrkja i høve til kommunen. Fellesrådet har i 2012 hatt 4 møte og handsama 27 saker. Det er handsama saker som gjeld økonomi, personale, vedlikehald og drift av bygningar og kyrkjegardar i samsvar med Fellesrådet sitt ansvar og oppgåver. Fellesrådet har og handsama utvidinga av kyrkjegarden i Hjelme og gitt uttale til "Kyrkjeordning etter 2013".

## Tilsette under ØKF i 2010. 5,20 årsverk:

Kyrkjevevjerje Olav Martin Vik .....	100%
Kontorleiar Kari S. Rong .....	80%
Kantor Anne Lise Grøm .....	100%
Kyrkjjetenar/kyrkjegardsarbeidar. Kåre Kristoffersen .....	100%
Kyrkjjetenar/kyrkjegardsarbeidar Janesh Amenya .....	100%
Diakonimedarbeidar Bjørge Blom .....	40%

## Sjukefråvær

Det er ikkje registrert sjukefråvær i 2012.

## Samarbeidsavtale med Nordhordland Indremisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband.

Barne- og ungdomskonsulent: Hogne Berland  
Team: 4 ungdomar våren 2012 og 3 ungdomar hausten 2012.  
Samarbeidet med Nordhordland Indremisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband er svært godt.

## Økonomi

Økonomien er i all hovudsak basert på overføringar frå kommunen. 2012 vart gjort opp med eit meirforbruk på kr. 549.551,00. Meirforbruket må dekkast ved bruk av fond og resten må fordelast på 2014 og 2015. Overføringa frå kommunen i 2012 er like stor som ramma fellesrådet hadde til rådvelde i 2007. Det betyr at fellesrådet vil ha store vanskar med å oppretthalda tilbod og aktivitetsnivå. Fellesrådet har hatt møte med kommunen om situasjonen i forkant av kommunestyret sitt budsjettmøte i 2012. Dersom det ramma frå kommunen ikkje vert auka vil fellesrådet måtta skjæra ned i drifta. Fellesrådet vil ta stilling til dette i januar 2013.

Her følgjer ein oversikt over nokre av inntektene og utgiftene

## Inntekter

(I heile tusen):	2011	2012
Overføring frå kommunen	4.750.000	4.300.000
Sjukelønsrefusjon	124.000	0
Renteinntekter	48.000	53.000
Festeavgifter	56.000	61.800
Annonseinntekter ØyNytt	43.000	43.000
Kontingent for ØyNytt	70.000	71.400

## Utgifter

	2011	2012
Løn og sosiale utgifter	3.180.000	3.367.000
-ordinær løns- og pensjonsvekst.		
-Ingen nye stillingar.		
Kjøp av varer og tenester	2.651.000	1.935.000
-Alt av utstyr, vedlikehald, drift		
-Barne og ungdomskonsulent		
-Teamet		

## Vedlikehald

Økonomien gir ikkje rom for større vedlikehald. Elektriske anlegg og alarmanlegg vert ettersett og må fungera til ei kvar tid. Elles vert det berre utført mindre vedlikehald som er naudsynt.

## Hjelme kyrkje

Orgelet i Hjelme må reparerast. Pakningane rundt ventilane må skiftast. Heile arbeidet er kostnadsrekna til ca. kr. 70.000,00. Det er ikkje pengar til å få utført dette arbeidet. Fellesrådet har bedt kommunen løyva pengar, men det er ikkje gjort. Det er alt ulydar i orgelet.

## Ny kyrkjeordning etter 2013

Fellesrådet har gitt uttale til ny kyrkjeordning etter 2013. Stortingsforliket går ut hausten 2013 og grunnlova er endra. Det betyr at kyrkja må finna fram til ei egna organisering for framtida. Mykje tyder på at det kan verta større einingar (fellesrådsområde). Fellesrådet har uttalt seg og gir uttrykk for at ein vil hegna om den lokale kyrkja og at ein er tett på folket. Fellesrådet ynskjer å halda på strukturen slik den er i dag.

## Gravferder

2012 vart eit år med mange og krevjande gravferder. Det vart gjennomført totalt 56 jordpåkastingar.

## Ny gravplass i Hjelme

Kommunestyret i Øygarden har i budsjettmøtet sett av midlar i 2013 til bygging av ny gravplass i Hjelme. Utbygginga vil kosta 11.0 mill. kr. i følge kommunen. Gravplassen skal byggjast ut i fleire etappar og dette er etappe 1. Det hastar med å få bygt den nye gravplassen i Hjelme.

Det er og sett av pengar til opparbeiding av ein mur mellom gravplassen og fylkesvegen. Arbeidet med muren starta opp i slutten av 2012.

## Ei stor takk

ØKF vil takka alle samarbeidspartnarar, organisasjonar og frivillige medhjelparar for godt samarbeid og god innsats i 2012 og i vårt felles mål: Å byggja Guds kyrkje i Øygarden!

Erling Vik  
Leiar

Olav Martin Vik  
Kyrkjevevjerje



# ER DET JESU LIKKLEDE?

Jostein Andreassen er forfattar av boka "Likkledet i Torino - Et tegn for vår tid", som kom ut på Luther forlag i 2011. I denne tankevekkjande artikkelen deler han av den 30-årige interessa si for likkledet.

Jostein Andreassen - jostandr@broadpark.no

Våren 2010 blei det som kallast «Likkledet i Torino», stilt ut i domkyrkja der i byen, lengst nordvest i Italia. I løpet av vel ein måned kom det to millionar menneske frå heile verda for å sjå det, mellom anna også under-teikna. Dette var ei svært sterk oppleving. Under utstillinga i 1978 kom det 100.000 kvar dag i 35 dagar!

Dette likkledet er vevd av lin. Det er vel 4 X 1 meter i storleik og viser eit avtrykk av ein korsfesta og tornekrona mann. Det er ekte blodflekkar på kledet etter mange sår i hovudbotnen, han har skrubbsår i panna og på knea som viser at han har ramla. På ryggen er det merke etter ca 120 piskeslag. Det er sårmerke i handledda og i føtene og merke etter eit stort sår mellom 5. og 6. sidebein, akkurat så stort som eit romersk spyd.


Dette likkledet er i særklasse det objektet i verda som har blitt mest undersøkt vitskapeleg. Mange meiner at det er likkledet som Jesus frå Nasaret vart lagt i. Har dei rett?

## Løyndomen ved blomsterstøvet

Alt i 1973 hadde den sveitsiske professoren, Max Frei-Sulzer, teke pollenprøver frå kledet som han brukte dei neste to åra på å analysere. Frei-Sulzer hadde teke doktorgrad på blomsterstøv, og han visste godt at kvar einskild blomsterart har ei eigenarta ut-sjånad på pollenet sitt. Dette fyk rundt overalt i vinden i blomstringstida.

Frei-Sulzer fann med mikroskopet sitt om lag 50 ulike slag av pollen, og desse blomsterartane kunne han etter kvart slå fast at stamma frå Torino-området, Sør-Frankrike, Istanbul-området, Urfa-området i Sør-Tyrkia og Jerusalem. Dette var heilt i tråd med korleis historia fortel kor likkledet har vore.

I 1988 fekk ein gjort ei C-14-datering av kledet, og då kom dei fram til at likkledet stamma frå år 1260-1390. Med andre ord var kledet falskt! Men i ettertid er det prova at denne prøva blei teken frå eit hjørne på kledet som viste seg å være reparert etter ein brannskade i 1532. Det var med andre ord den innvovne lappen dei tidfesta!



Men la oss nå tenke oss at ein svindlar fikk laga dette kledet ca år 1300. Da må han ha vore utruleg dyktig. Han må ha funne opp fotograferingskunsten 530 år tidlegare enn det vi kjenner til. Biletet av personen på kledet er nemleg som eit fotografisk negativ.

- Svindlaren må ha oppdaga blodomlaupet 330 år før William Harvey. Vene- og arterieblod finst på dei riktige stadane på kroppen.
- Han skal på ein genial måte ha greidd å plassere ca 120 slagmerke av ei romersk pisk på kledet. Det er så nøyaktig gjort at ein kan sjå av mønsteret at den eine som slo, har vore

litt høgare av vekst enn den andre.

- Svindlaren har skapt eit bilete på ein for oss ukjent teknisk måte – det er utan retningsstrok og kan best oppfattast på fem meters avstand. Biletet er tredimensjonalt. Kven kunne laga eit slikt bilete for 700 år sidan?
- Han må ha fått tak i romerske myntar, "leptonar", fra år 29 og 30 og lagt dei på augo av figuren. Ein kan lesa delar av innskrifta TIBERIOU KAISAROS ("tilhøyrande keisar Tiberius", som var keisar på Jesu tid).
- Svindlaren må ha utstyrt kledet med ulike typar pollen frå fleire stader rundt Middelhavet. Dette var 300 år før mikroskopet blei funne opp. Korleis kunne ein person på 1300-tallet vita at kvar einskild plantart har pollen med ei heilt særmerkt ut-sjånad? Ein må nemleg mikroskopere dette 100-1000 gonger for å kunne sjå det.
- Det finst ei mengd av store og små blodflekkar på kledet. Desse har størkna og klistra seg til hår og hud på mannen. Men alle viser seg ved omhyggelig mikroskopering å vera "urørte". Kledet har ikkje blitt rive av for å fri han frå det. Den korsfesta mannen har rett og slett "forsvunne" ut av kledet og lete att eit avtrykk på stoffet.

- Vi kjenner bare ein einaste person gjennom heile verdshistoria som både blei korsfesta og tornekrona: Jesus frå Nasaret.

Vi kunne ha gjort lista lenger med mange andre detaljar som sannsynleggjer at kledet er Jesu eige likklede. Stadig fleire personar interesserer seg for kledet, og det fins masse stoff om det på internett. Ein god stad å starte er [www.shroud.com](http://www.shroud.com).

Fordi vitskapelege undersøkinger blir sanningsvitne om Jesu oppstode, er Likkledet i Torino blitt eit teikn for tida vår. Vitskap og tru ser faktisk ut til å gje same svaret! Det gjer i alle fall meg nysgjerrig.



# Kjøp kjapt, trygt og billig

## KIWI mini pris

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**  
Mand – fred kl.08.00 - 22:00  
Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi  
som bygger Øygarden**



**Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09**  
**Adr. Pålset, 5337 Rong**  
**www.th-bygg.no**

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personer.  
Arrangerer bryllaup,  
konfirmasjonar og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldtbord og snittar.

**Tlf. 92 54 45 69**

## Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

- Tilbygg
  - Nybygg
  - Rehabilitering
  - Montering og utleige av brakker
- Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967  
Trelastlager Tjeldstø



## Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Bløm  
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen  
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**  
E-post: post@solstrands.no

*Vår erfaring - din trygghet*

## Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**

Skjernet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



**Ønsker du sol hjem?**

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveid: 56 38 73 22  
Mobil: 918 56 258

## Øygarden elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790  
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

# SparebankenVest

– satsar på Vestlandet



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**EUROSPAR**

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

Bank i Butikk **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

## Fag Revisjon as

### Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, [firmapost@fagrevisjon.no](mailto:firmapost@fagrevisjon.no)



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldttallerken

**Rong Catering a/s**

Vi formidler blomster til innland og utland

**INTERFLORA**

**Blomsterbua**

Rong Senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

**trend frisør** RONG SENTER

Eigne prisar for pensjonistar  
Langope torsdag

TIMEBESTILLING 56 38 73 90

-din el-kontakt

**VESTGAR ELEKTRO**

Postboks 30, 5331 Rong  
T: 56 38 94 73  
E-post: [post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no)  
[www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)

**Torsvik ELEKTRO**

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**Tlf. 56 38 50 00**  
Vakttelefon: 922 34 062

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

Øygarden hud & kroppspleie skifter navn til

**LT hudpleie**

Og har flyttet til Ågotnes helsehus.  
Følg oss på facebook.  
Velkommen til nye lokaler!  
Tlf 5638 9515

**YX ENERGI**

- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass

**BLOM SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
**Godkjent bilverksted**

**MECA**

**GODKJENT AV BITILSYNET**

Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus

**B&M Bok&Media**

**Bok & Media\* Vestbok**  
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen  
Tlf: 55 31 79 63  
[www.vestbok.no](http://www.vestbok.no)



## TIL LUKKE!



### 70 år

28. mars Svenn Henning Sæle, Veslevarden  
23. april Arne Herdlevær, Nordgardsneset  
24. april Ragnar Rolf Dale, Neshaugen  
3. mai Arvid Bernhard Solbakk, Grønhaugvegen  
14. mai Oddbjørg Vik, Larsevegen  
6. juni Kari Skaar, Pålsmaset

### 75 år

19. mars Paul Vik, Markja  
23. mars Magnus Martin Herdlevær, Arsettnet  
25. mars Endre Skaar, Pålsmaset  
7. april Olav Kristian Hansen, Svarteviksvegen  
7. april Anton Nilsen, Tollbuvegen  
1. mai Malfred Einar Hernar, Haugevegen  
25. mai Dagny Leonora Sture, Alvheimsvengen  
25. mai Oddlaug Pauline Solvik, Fagrebakkane  
28. mai Malvin Johan Blom, Torvhaugen

### 80 år

18. mars Mons Martin Torsvik, Uthaug  
28. mars Bergit Berit Breivik, Breivikvegen  
6. april Karen Træen, Særberget  
13. april Magnus Olav Sæle, Pålsmaset  
13. april Richard Toft, Vestrevegen  
30. april Anni Berit Hetlevik, Tjødnavegen  
15. mai Johannes Olsen, Hanelen

### 85 år

2. april Anna Oliva Berland, Slåttevegen  
14. april Malvin Rasmus Blomvågnes, Flotevegen  
14. april Anton Konrad Torsvik, Råkebakkane  
25. april Arvid Johan Njoten, Flotevegen

### 90 år

30. mars Sanna Margrethe Hjelme, Utenga  
24. april Konstanse Burink-Oen, Tjødnavegen  
29. april Johan Alfred Alvheim, Madelestova

## GUDSTENESTER

### 17.mars Hjelme kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste v/ Svenn Martinsen.  
Dåpsskolen deltek. Barnekanteriet syng.  
Kyrkjekaffi

### 24. mars Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Dåp.  
Nattverd.

### 28.mars Blomvåg kyrkje kl. 19:00

Nattverdsgudsteneste v/ Helge Unneland

### 29.mars Hjelme kyrkje kl. 11:00

Langfredagsgudsteneste v/ Helge Unneland

### 31.mars Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Dåp.  
Nattverd

### 1.april Hjelme kyrkje kl. 19:00

Kveldsgudsteneste v/ Helge Unneland.  
Nattverd. Øygardskoret deltek

### 7.april Hjelme kyrkje kl.11:00

Familiegudsteneste v/ Helge Unneland.  
Barnekanteriet deltek. Kyrkjekaffi

### 11. april Hjelme kyrkje kl. 19:00

Samtalegudsteneste med konfirmantane.  
Kyrkjekaffi

### 14.april Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Egil Hjortland. Nattverd.

### 21.april Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd

### 27. april Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn  
Martinsen

### 28.april Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn  
Martinsen

### 4. mai Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn  
Martinsen

### 5.mai Hjelme kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn  
Martinsen. Avskjedsgudsteneste for Svenn.  
Kyrkjekaffi.

### 9.mai Vik bedehus kl.11:00

Gudsteneste v/ Svenn Martinsen. Nattverd.  
Avskjedsgudsteneste for Svenn.

### 12.mai Blomvåg kyrkje kl.11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.  
Avskjedsgudsteneste for Svenn. Kyrkjekaffi

### 17.mai Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste v/ Egil Hjortland

### 17.mai Hjelme kyrkje kl.12.30

Familiegudsteneste v/ Egil Hjortland

### 19.mai Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Egil Hjortland. Nattverd

### 20.mai Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse. Nattverd.

### 26.mai Hjelme kyrkje kl.11:00

Høgmesse. Nattverd

### 2. juni Pardalsmyra kl. 11:00

Friluftsgudsteneste

### 9. juni Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse. Nattverd

## DØYPTE

### Hjelme

- Madelen Oliveren, Nautnes
- Theodor Hellesøy, Hellesøy
- Simen Lundestad Solvang, Nautnes
- Sabrine Isager, Knappestigen

### Blomvåg

- Anthony Knarvik Fjeldstad, Veslevarden
- Iris Aurora Sotvik Seime, Knappebrekka
- Martin Haugetun, Tertnes
- Gjertine Blom Torsvik, Veslevarden
- Emma Mathea Vatnedalen Vik, Frekhaug
- Filip Opheim Kaland, Veslevarden

- Carena Victoria Edvardsen-Vik, Svarteviksvegen
- Kristin Vestbøstad Vik, Knappestigen
- Leah Eirin Hansen, Godvik
- Isak Haugen, Knappestigen, (Landro kyrkje)
- Storm Einar Dagestad, Austemarka

## DØDE

### Blomvåg

- Brita Olina Rong, Tjødnavegen f. 1920
- Alfred K. Herdlevær, Tjødnavegen f. 1918
- Helena Dale, Dale f. 1921
- Valborg Herdlevær, Tjødnavegen f. 1925
- Aslaug Nelly Rong, Moldbrekken f. 1929
- Mons Andreas Toft, Tjødnavegen f. 1917

### Hjelme

- Anita Randi Hennø, Hernar f.1962
- Lilly Ester Sanden, N.Sæle f. 1929
- Oddvar Arvid Dävøy, Sturevegen f. 1945

*Bergen Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knud Helge Polden    Espen Polden    Tom Wilson    Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



## Rydding på gravplassane etter vinteren

Våren er her og det er på tide å ta bort blomar og kransar etter vinteren. Dette er den ansvarlege for grava sitt ansvar. I løpet av mars vil kyrkjegardsarbeidarane rydda bort det som ligg att på gravene etter vinteren.

## MED ARBEIDSADRESSE - JERUSALEM

Vi møter John Solsvik frå Vik i Øygarden på hotell Ramonim i vest-Jerusalem ein regntung kveld i slutten av januar. John er for tida Dagen sin journalist i Israel med arbeidsadresse Jerusalem. Han tok på seg denne jobben i 2010 og er no inne i sitt tredje år.

*Tekst og foto: Odd N. Thormodsæter*

Den som les Dagen kan finna artiklar - signert John Solsvik - fleire gonger i veka. Det er tydeleg at John har ein

stor arbeidskapasitet når vi ser alt han produserer. I tillegg har han skrive to bøker under sitt opphald her. I 2011 kom boka «Miraklet i gamlebyen» og i nov. 2012 gav Lunde ut boka «La Israel tale.» John har som journalist i denne tida opparbeidd seg eit godt nettverk og får på den måten førstehands kjennskap og innsikt i m.a. politiske, religiøse og sosiale

forhold; innsikt det er vanskeleg å få dersom ein ikkje bur i landet.

For å få eit endå nærare møte med det israelske samfunnet er John godt i gang med læra seg hebraisk. Dette vil opna endå fleire dører i møte med «grasrot»- israelarar.

*-Kva likar du best å skriva om?*

Artiklar som skildrar kvardagen til folket i landet ligg nok hjarta mitt nærast. Det er også interessant å henta kunnskap om teknologiske nyvinningar som Israel er verdsleiande på. M.a. har eg nett skrive om dei nye avsaltingsanlegga langs Middelhavskysten

som no er sett i produksjon. Dette gjer landet mindre sårbart for vekslende nedbørmengder og uttak av for store

vassmengder frå hovudvasskjelda som er Genesaretsjøen.

Det har også vore interessant å vera til stades i Ramallah og intervju politiske leiarar samtidig med Sidsel Wold. Eg får også ofte invitasjon til å ta del på fleire offentlege arrangement, så Dagen vert verkeleg rekna med i nyhetsbildet i Israel.

Leiarar for messianske (Jesustruande) forsamlingar vil også gjerne ha meg med når det skjer noko. Nyleg var



eg invitert til ei forsamling i Nasaret der forsoningsarbeid mellom dei tre trusretningane - jødedom, kristendom og islam er ein viktig del av arbeidet. Dette forsoningsarbeidet må vera sjølvne nøkkelen til gjensidig respekt mellom desse folkegruppene. John har sin åndelege heim i ein av dei 25 messianske forsamlingane i Jerusalem.

*ØyNytt vil ønska John Solsvik Guds signing over det viktige journalistiske arbeidet han utfører i Israel!*



## PÅSKEKONSERT I BLOMVÅG KYRKJE

**Fredag 22. mars kl. 20:00**

*Ei vandring gjennom påska sin bodskap*

*i ord og tonar ved*

*Synnøve Sandøy Voldsund med band*

**Inngangsbillett:**

**200 for voksne, 100 for born og studentar**

